**Øystese sokneråd**
**5610 Øystese**
**Sakliste, Øystese Sokneråd**

**Stad:** **Øystese bedehus**
Dato: **onsdag** 04.10.2023
Tid: kl. 19.00 - 21.00
Soknerådsmøta er opne.

| NR: | SAKER: | MERKNADER: |
|---|---|---|
| **Dato**: 3.10.2023 | | |
| **Innkalla** :<br>Arild Hellesøy, Marita Dalatun, Kjell Dysvik, Erna Haltvik,<br>Jan Hellingsrud, Edel Huse, Bente Helen Rykkje Jordalen,<br>Eli Skaar Kvarv, Mari Laupsa, Astrid Lunestad, Oddvar Ulltang, Ruben Øystese, Sveinung Lid Aalvik, Therese Rykkje Aalvik | | |
| Ikkje til stades: Marita Dalatun, Erna Haltvik, Jan Hellingsrud, Edel Huse, Eli S Kvarv, Mari Laupsa, Astrid Lundestad, Sveinung Lid Aalvik | | |
| 1. | Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen | Ord for dagen ved Kjell. Innkalling og referat frå sist møte vert godkjent |
| INFO | Innkomen post, økonomi, mm | - Planting på kyrkjegarden: Ny hekk er sett opp av Liv og Lyst/pensjonistgruppa - i samarbeid med Øystese grendeutval. Dei siste har skaffa innsamla midlar Gjerdet mot stranda og vegen er rive. Soknerådet er takksame og svært nøgde med innsats og hjelp.<br>- Økonomiorientering ved Therese; Økonomien er ikkje alarmerande. Fleire offer til kyrkjelydsarbeidet hjelper på. Systemet med rapportering/skjema etter kvar gudstenenste har fungert. |
| 2 | Rekruttering til soknepreststilling | - Prost Arild Hellesøy har ei grundig oreintering om utfordringane med rekruttering. Etter tredje gongs utlysing (ingen søkjarar) vert det ikkje ny utlysing før i 2024. Det er fleire pensjonistprestar som hjelper. Soknerådet er særleg glade for Roar Strømme og Arne Øystese. Vogel (Samnanger) og Bøe (Vaksdal) har sporadisk teneste her. I tillegg hjelper fleire pensjonistprestar, bl.a. Jostein Skutlaberg, Brigt S Skeie m fl. |

| | | |
|---|---|---|
| 3 | Evaluering gudstenester mm | Svært flott gudsteneste med nye og gamle konfirmantar 3.9. Therese nemner at infoen om oppmøte til dei nye kom seint/brått på.<br><br>Svært flott gudsteneste med kor, barnekor, 4-årsbok, dåp (familiegudsteneste) 17.9.<br><br>Feil i annonsering til gudstenesta (ikkje konfirmasjon!) 1.10. Ca 30 oppmøtte. |
| 4. | Sokneрådsval 2023 | Ok gjennomføring av valet. Regnveret øydela sannsynlegvis noko for valoppslutnaden. Dei som vart sendt ut i regnet etter kommunevalet, var truleg ikkje så motiverte til å gå inn igjen til nordenden av idrettshallen for å stemme på kyrkjevalet.<br>-Jarand Meland (ikkje nominert) fekk stemmer til sokneрådsvalet. Therese spør om han kan tenke seg. |
| 5. | Kyrkjemusikalsk arbeid | - Oppfølging av sak frå mai-møtet i vår Oddvar orienterer om dialogen med ungdomskoret (Vidar Sangholt). Soknerådet ynskjer koraktivitet i Øystesekyrkja. Vi kjem attende til dette også i møtet i desember med kateketen.<br>- |
| 6. | Søknad om økonomisk tilskot til konsertserie i sommar. Søkjar: fellesrådet. | - Vedtak: Søknerådet løyver kr 2131 til underskotsdekning for konsertserien i sommar. |
| 7. | Kvalitetssikring av oppgåver oktober/november | - Trusopplæring. Solfrid S Lindøy har bedt oss om hjelp med arrangement. Bente Helen kan på 18.10. Det trengst ein til. Kjell spør Marita og Sveinung, og spørsmålet om hjelp vidare her går også ut til alle i soknerådet<br>- TV-aksjonen 22.10: Bøsseberarar. Kjell undersøkjer med Ingebjørg Bakke om aksjonen er heil-digital, eller om vi vil få spørsmål om bøsseberarar. |
| | Eventuelt | |
| | | Møtet vert avslutta med «Vår far». |